



Økonomiavdelinga

Dato: 09.05.2014  
Vår ref.: 2014/10498-16  
Dykkar ref.:

## Vedtak om årsrekneskap 2013 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak og uttale frå møte i kontrollutvalet 6.5.14 i sak 36/14 Årsrekneskap 2013 for Hordaland fylkeskommune – Uttale frå kontrollutvalet til vidare handsaming.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Arkivnr: 2014/10498-9  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval           | Saknr. | Møtedato   |
|-----------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet | 36/14  | 06.05.2014 |

## Årsrekneskap 2013 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal gje uttale til rekneskapen, jf. "forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Det er ikkje krav om at kontrollutvalet handsamar fylkesrådmannen si årsmelding, men denne skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Det er så fylkesutvalet som innstiller overfor fylkestinget, i saka om rekneskapen. Fylkestinget skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

### Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av fylkeskasserar, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Fylkeskommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram revisjonsmelding. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 4.626.593.000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 130.262.000.

I fråsegna om årsrekneskapen uttaler Deloitte at:

- årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Hordaland fylkeskommune per 31. desember 2013 og av resultatet i rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Vi fekk også kopi av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte til Hordaland fylkeskommune den 24.4.14. Denne revisjonsrapporten inngår som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet og det er problematisk for sekretariatet at denne kjem så seint. Vi ber om at den for framtida vert levert saman med revisjonsmeldinga innan 15.4.


Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve ein del tilrådingar til fylkeskommunen på forhold som bør og kan betrast.

Tilrådingane gjeld m.a. dei områda som går fram av desse punkta i rapporten:

- 4 Pensjonar
- 6 Fylkesvegar
- 9 Meirverdiavgiftskompensasjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmoder Hordaland fylkeskommune om å prioritere å sette fokus på desse forbetningsområda.

Av rekneskapsrapporten for 2013 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 526.491.000, dvs. netto resultatgrad på 6,62 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 6,0 % i 2013. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste åra: 2008 (+ 0,20 %), 2009 (+ 0,32 %), 2010 (+ 5,50 %), 2011 (+ 3,52 %), 2012 (+ 3,31 %) og 2013 (+ 6,62 %) , sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2013 er betre enn tilrådinga frå TBU og over snittet i fylkeskommunane.



Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Eit positivt driftsresultat kan nyttast til å finansiera investeringar eller avsetjast til seinare bruk, noko som gjev handlefridom og evne til å tola svingingar i økonomien.

Sekretariatet merkar seg følgjande frå fylkesrådmannen sin uttale i årsmeldinga:

*«Tida vi lever i er generelt prega av endringar og raske taktskifte. 2013 har i tillegg gitt oss ny regjering i Noreg. Som fylkeskommune ser vi at rammevilkåra våre kan bli påverka av regjeringsskiftet. Slike utfordringar må vi møte i tråd med kjerneverdiane våre. Vi skal utføre samfunnsoppgåvene våre kompetent, offensivt og i dialog med lokale og nasjonale styresmakter, samarbeidspartar og tilsette. Samstundes skal vi medverke aktivt til at endringar som kjem blir gode for innbyggjarane i fylket vårt.»*

*«Vi kan òg glede oss over eit godt økonomisk resultat. Rekneskapen for 2013 viser eit rekordoverskot på 130 millionar kroner. Dette er 59 millionar kroner betre enn i 2012. God skatteinngang og god økonomistyring er dei viktigaste faktorane bak det gode resultatet. Dei fleste økonomiske indikatorane viste positiv framgang i 2013. Investeringane var rekordhøge og vil vere på eit svært høgt nivå også dei komande åra. Dei høge investeringane, med påfølgande sterk vekst i rente- og avdragsutgiftene, gjev utfordringar for driftsnivået i fylkeskommunen framover.»*

Vidare har sekretariatet merka seg dette frå årsmeldinga:

*«I skatt og rammetilskot kom det inn 82,1 mill. kr meir enn budsjettert. Skatteinntektene auka med 6,8 % i Hordaland, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane var 5,7 %. Elles har det vore jamt over god økonomistyring. Dei fleste einingar hadde balanse eller små innsparingar. Ikkje minst har dei vidaregåande skulane kome betre ut enn forventa i 2013. Dette gjer at opplæringssektoren samla viser ei innsparing på 18,9 mill. kr. Samferdselssektoren, som har hatt store budsjettoverskridingar på kollektivtrafikken dei siste åra, er også nær balanse i drifta for 2013.»*

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

I revisjonsmeldinga uttalar revisor "at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk." Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding.

Fylkesrådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av Hordaland fylkeskommune i 2013. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i tilgjengelighetsloven.»*

Forhold som gjeld likestilling og etikk synest vera greitt omtala. Det er i 2013 gjort endringar i kommunelova § 48 nr. 5 ved at der er teke inn: «Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll...» I dette ligg det eit krav til å orientera i årsmeldinga om fylkesrådmannen sin internkontroll.

Sekretariatet kan ikkje sjå at dette er omtala i årsmeldinga for 2013. Punktet vil verta vurdert grundigare ved årsmeldinga for 2014.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig mindreforbruk
- netto driftsresultat
- om disponering av driftsresultatet
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga.

Om ønskjeleg kan kontrollutvalet og uttala seg om følgjande forhold:

- Ev. for seint avlagt rekneskap og årsmelding. Manglar ved den interne kontrollen.
- Presentasjonen av rekneskapen og årsmeldinga.
- Realismen i budsjettet (eks. store endringar mellom opphavleg budsjett og justert budsjett)
- Manglande avstemmingar av lønsrekneskapen mot kommunerekneskapen.
- Utviklinga i utgifter vs. inntekter.
- Øvrig økonomisk utvikling, eks. lånegjeld osv.
- Viktige forhold som ikkje er omtala i rådmannen si årsmelding (i tilstrekkelig grad).

### **Konklusjon:**

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør tilrå at Hordaland fylkeskommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr.11 frå Deloitte. Utvalet bør vidare be fylkesrådmannen kome i møte i kontrollutvalet 19.9.14 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse forbetningspunktta.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare om fylkesutvalet til fylkestinget.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 19.9.14 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2013.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2014**

### **Handsaming i møte**

Økonomidirektør Johnny Stiansen og fylkeskasserar Tor Sjøvoll presenterte årsrekneskapen for 2013 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte Helge-Roald Johnsen presentert resultatet av sin revisjon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 19.9.14 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2013.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:      Årsmelding 2013 for Hordaland fylkeskommune  
                  Rekneskap 2013 – Del 1 - Hovudoversyn med noter  
                  Rekneskap 2013 – Del 2 – Driftsrekneskap, vert lagt fram i møtet  
                  Rekneskap 2013 – Del 3 – Inversteringsrekneskap, vert lagt fram i møtet  
                  Revisjonsmelding dagsett 11.4.14 frå Deloitte for Hordaland fylkeskommune 2013  
                  Revisjonsrapport 2013 dagsett 23.4.2014 frå Deloitte

## Sekretariat for kontrollutvalet

TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE V/ FYLKESTINGET.

### **ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.**

Kontrollutvalet har i møte 06.05.2014 handsama Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Rekneskap 2013.
- Revisjonsmelding frå Deloitte dagsett 11.04.2014
- Revisjonsrapport 2013 frå Deloitte dagsett 23.04.2014
- Fylkesrådmannen si årsmelding for 2013.

Representantar frå administrasjonen var til stades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. I tillegg var ansvarleg revisor tilstades, for å kunna supplera kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Av rekneskapen for 2013 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 526.491.000, dvs. netto resultatgrad på 6,62 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 6,0 % i 2013. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste åra: 2008 (+ 0,20 %), 2009 (+ 0,32 %), 2010 (+ 5,5%), 2011 (+ 3,5 %), 2012 (+ 3,3 %) og 2013 (+ 6,62 %). Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2013 er betre enn tilrådinga frå TBU og over snittet i fylkeskommunane.

Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Eit positivt driftsresultat kan nyttast til å finansiera investeringar eller avsetjast til seinare bruk, noko som gjev handlefridom og evne til å tola svvingar i økonomien.

Sekretariatet merkar seg følgjande frå fylkesrådmannen sin uttale i årsmeldinga:

*«Tida vi lever i er generelt prega av endringar og raske taktskifte. 2013 har i tillegg gitt oss ny regjering i Noreg. Som fylkeskommune ser vi at rammevilkåra våre kan bli påverka av regjeringsskiftet. Slike utfordringar må vi møte i tråd med kjerneverdiane våre. Vi skal utføre samfunnsoppgåvene våre kompetent, offensivt og i dialog med lokale og nasjonale styresmakter, samarbeidspartar og tilsette. Samstundes skal vi medverke aktivt til at endringar som kjem blir gode for innbyggjarane i fylket vårt.»*

*«Vi kan òg glede oss over eit godt økonomisk resultat. Rekneskapen for 2013 viser eit rekordoverskot på 130 millionar kroner. Dette er 59 millionar kroner betre enn i 2012. God skatteinngang og god*

*økonomistyring er dei viktigaste faktorane bak det gode resultatet. Dei fleste økonomiske indikatorane viste positiv framgang i 2013. Investeringane var rekordhøge og vil vere på eit svært høgt nivå også dei komande åra. Dei høge investeringane, med påfølgande sterk vekst i rente- og avdragsutgiftene, gjev utfordringar for driftsnivået i fylkeskommunen framover.»*

Vidare har sekretariatet merka seg dette frå årsmeldinga:

*«I skatt og rammetilskot kom det inn 82,1 mill. kr meir enn budsjettet. Skatteinntektene auka med 6,8 % i Hordaland, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane var 5,7 %. Elles har det vore jamt over god økonomistyring. Dei fleste einingar hadde balanse eller små innsparingar. Ikkje minst har dei vidaregåande skulane kome betre ut enn forventa i 2013. Dette gjer at opplæringssektoren samla viser ei innsparing på 18,9 mill. kr. Samferdselssektoren, som har hatt store budsjettoverskridingar på kollektivtrafikken dei siste åra, er også nær balanse i drifta for 2013.»*

Fylkesrådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av Hordaland fylkeskommune i 2013. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i tilgjengelighetsloven.»*

Forhold som gjeld likestilling og etikk synest vera greitt omtala. Det er i 2013 gjort endringar i kommunelova § 48 nr. 5 ved at der er teke inn: *«Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll...»* I dette ligg det eit krav til å orientera i årsmeldinga om fylkesrådmannen sin internkontroll.

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at dette er omtala i årsmeldinga for 2013. Punktet vil verta vurdert grundigare ved årsmeldinga for 2014.

Vi har også motteke kopi av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte til Hordaland fylkeskommune og den beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve ein del tilrådingar til fylkeskommunen på forhold som bør og kan betrast.

Tilrådingane gjeld m.a. dei områda som går fram av desse punkta i rapporten:

- 4 Pensjonar
- 6 Fylkesveggar
- 9 Meirverdiavgiftskompensasjon

Kontrollutvalet tilrår at kontrollutvalet oppmoder Hordaland fylkeskommune å prioritere å sette fokus på desse forbetningsområda.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.



**Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å prioritere å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 11.04.2014 og revisjonsrapport 2013 dagsett 23.4.2014, har kontrollutvalet ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2013.

Bergen 06.05.2014

Torill Vebenstad  
Kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef / utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Hordaland fylkeskommune, fylkesutvalet